



Bilete frå Historia de gentibus septentrionalibus
av Olaus Magnus (1555)

Olaf Agnar Gausvik:

RIMSTAVEN

- ein kalender med for 365 + 1
kristelege og ukristelege limerickar
for fest- og merkedagar,
helg og yrke.

Setesdalsforlaget
VALLE 2014

**Vi kjenner ein uskedeling som aldri sluttar å lengta heim. Han heitar Olaf Agnar Gausvik og han legg stadig til nye kapitel som underbyggjar heimlengten. Men han stoppar ikkje med det - han er også i høgste grad kreativ .
Olaf Agnar har i mange år presentert seg som slagferdig rimsmed og da fortrinnsvis som rimericksmed, No har han utvikla denne spesielle formen vidare og kallar han RIMSTAVEN.**

Det er ein spesiell kalender etter ein litt annan mal enn før, den har eitt vers for kvar av dagane i året men er også supplert med primstavar.

Og hva heiter dagane? Visste du til dømes at tjuendedagen også er Knutsdag, avfaredag og gamle nyårsdag?

Det nye og spenstige verket til Gausvik er ei framifrå julegåve - her kan ein berre plukka limerickstrofer veileigna for julehelsningar og andre merkedagar. Han presterer til dømes dette litt freidige blinkskotet frå sportslivet:

**Ein idrettsmann som vi har hylla
var ute og køyrde i fylla.
Han orsaka seg greit
men det var nokså teit
å seia at fylla har skylda.**

Og her er ei hylling til ein hedemarking:

Kan du hugse han Gunnar på Mo?
Sjarmøren i Tango for to?
har no runda åtti
men er nett like flott i
sin blådress og blankpussa sko.

Men vi er litt usikre på om denne er mynta på ein Kristian vi kjenner:

NRK sin musikkstatistikk
får av Kristian knallhard kritikk
for han likakje rock
og kan aldri få nok
av gammaldags dansemusikk

Denne må vel helst kallast beroligande:

Av prinsipp er eg republikanar
meir overbevist enn du anar
men kongen vi har
er ein likandes kar
så eg har ingen opprørske planar!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen